



Planprogram Kommunedelplan for naturmangfald



Vang kommune

28.01.2022



Innholdsliste

Side | 1

1.	Føremål og bakgrunn	2
2.	Målsettingar med kommunedelplanen.....	3
3.	Lovverk og føringar for utarbeiding av planen.....	4
	3.1 Internasjonale forpliktingar	4
	3.2 Nasjonale lovverk og føringar.....	4
	3.3 Regionale og lokale retningslinjer	6
4.	Generelle utfordringar for naturmangfaldet.....	6
5.	Naturmangfaldet i Vang kommune	7
6.	Tentativ framdriftsplan	8
7.	Høyringspartar og medverknad.....	8

1. Føremål og bakgrunn

Føremålet med planprogrammet er å sikre god medverknad til planprosessen og eit godt innhald i kommunedelplanen.

Naturmangfald er kort forklart alt av ulike variasjonar av liv i naturen vår. Det omfattar alle dyr og plantar i dei ulike økosystema. Samtlege artar har ein eigen funksjon som bidreg til at økosystema fungerer og samhandlar med kvarandre, noko som gjev samfunnet verdifulle tenester (økosystemtenester).

Alle kommunar blir jf. Stortingsmelding «Natur for livet» (Meld. St. 14 (2015-2016)) oppmoda til å utarbeide ein kommunedelplan for naturmangfald. I stortingsmeldinga står det:

«Regjeringen ønsker å legge til rette for at kommunene kan øke sin kompetanse om naturmangfold. Regjeringen foreslår at dette skal skje gjennom et godt kunnskapsgrunnlag og økt veiledning, og gjennom et pilotprosjekt om kommunedelplaner for naturmangfold. I dette pilotprosjektet vil det bli lagt vekt på de verdiene som naturmangfoldet representerer i nasjonal, regional og lokal sammenheng.»

I den kommunale planstrategien(2020-2024) for Vang kommune er det vedteke at Vang kommune skal prioritere nye tematiske kommunedelplanar for å auke kunnskapsgrunnlaget før ein startar opp arbeidet med kommuneplanens samfunns- og arealdel. Kommunedelplan for naturmangfald er ein av desse.

Med ein kommunedelplan for naturmangfald ynskjer ein fyrst og fremst å auke kunnskapsgrunnlaget. Gjennom samanstilling av eksisterande og ny kunnskap vil planen kunne nyttast som eit verktøy for å sikre og skjøtte naturmangfaldet i kommunen på beste måte.

2. Målsettinga med kommunedelplanen

Hovudmålet med planen er å kartlegge og synleggjera naturmangfaldet i Vang kommune. For innhenting av eksisterande kunnskap skal det gjennomførast litteraturstudie på publisert materiale. Gjennom høyringsprosesser, arbeidsgrupper og temamøter vil ein prøve fange opp mest mogleg lokal kunnskap.

Andre målsettingar med kommunedelplanen:

- Sikre eit godt kunnskapsgrunnlag for det komande arbeidet med kommuneplanens arealdel og kartlegge manglande kunnskapsgrunnlag
- Gje betre innsyn og auke kunnskapen om forvaltning av naturen og dei ulike artene i Vang kommune for kommunenes administrasjon, politikarane og innbyggjarane
- Gje kommunens innbyggjarar eit større eigarskap til naturmangfaldet
- Samle informasjon, lage oversikt over verdifulle naturtyper og arter i Vang kommune og gjera desse tilgjengelege
- Vurdere dagens tilstand av ulike naturområde og artar, og vurdere eventuelle tiltak for desse
- Kartlegge og synleggjera kommunens utfordringar med å ta vare på naturen

Kommunedelplanen blir vonleg eit viktig verktøy for kommunen slik at ein samla sett kan ta avgjersler basert på oppdatert kunnskap om naturmangfaldet. Ein vil med slik kunnskap få meir forutsigbarheit med tanke på framtidig arealforvaltning, meir effektive planprosessar og forhindre konflikter og motsegn i planarbeid.

3. Lovverk og føringar for utarbeiding av planen

3.1 Internasjonale forpliktingar

Side | 4

Det er **Konvensjonen om biologisk mangfold** som pålegg alle medlemsland å jobbe saman for å sikre naturmangfaldet på jorda. Denne globale avtala om sikre bevaring av naturmangfaldet på ein bærekraftig og rettferdig måte vart sett i kraft i 1993. Noreg var eitt av di fyrste landa som signerte avtala, og er med det plikta til å fylgje føremålet med konvensjonen som mellom anna er:

- *Å bevare det biologiske mangfaldet*
- *Bærekraftig bruk av biologisk ressursar*
- *Ei rimeleg og rettferdig fordeling av fordelane som fylgjer av utnyttinga av genetiske ressursar*

FNs naturpanel har i sitt arbeid systematisert og gjort tilgjengelig kunnskap som skal styrke samspelet mellom forskning og forvaltning, og elles korleis ein kan bidra for å hindre tap av biomangfald og økosystem. Naturpanelet gjev og råd om korleis ein kan handtere trugslar mot dette og har rangert fylgjande årsaker til tap av biologisk mangfald:

1. Endra arealbruk
2. Direkte utnytting av organsimar
3. Klimaendring
4. Forureining
5. Spreiing av framande, skadelege artar til nye område

FNs Bærekraftsmål er ein felles arbeidsplan for heile verda, der ein jobbar for å utrydde fattigdom, bekjempe ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030. Innarbeiding av bærekraftsmåla i alle kommunale og private planar vil få stort fokus i tida framover.

3.2 Nasjonale lovverk og føringar

Til grunn for kommunedelplanen er det og fleire nasjonale lovverk og føringar, som mellom anna:

Grunnlova § 112:

«Alle har rett til eit helsesamt miljø og ein natur der produksjonsevna og mangfaldet blir haldne ved lag. Naturressursane skal disponerast ut frå ein langsiktig og allsidig synsmåte som tryggjer denne retten òg for kommande slekter.

Borgarane har rett til kunnskap om korleis det står til med naturmiljøet, og om verknadene av planlagde og iverksette inngrep i naturen, slik at dei kan tryggje den retten dei har etter førre leddet.»

Naturmangfaldlova:

«Lovens formål er at naturen med dens biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfold og økologiske prosesser tas vare på ved bærekraftig bruk og vern, også slik at den gir grunnlag for menneskenes virksomhet, kultur, helse og trivsel, nå og i fremtiden, også som grunnlag for samisk kultur.»

Plan og bygningsloven:

Forarbeida til loven omtalar plan- og bygningsloven som «et sektorovergripende verktøy for samfunnsutviklingen i kommuner og regioner» (Ot.prp.nr.32 (2007-2008)), der lovens føremål er å fremme «*bærekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjoner*».

Vannressursloven:

«Denne lov har til formål å sikre en samfunnsmessig forsvarlig bruk og forvaltning av vassdrag og grunnvann.»

Forureiningsloven:

«Formålet med forureiningsloven er å verne det ytre miljø mot forurensning, redusere eksisterende forurensning og avfall, og å fremme god avfallshåndtering. Loven skal sikre en forsvarlig miljøkvalitet, slik at forurensning og avfall ikke fører til helseskade, går ut over trivselen eller skader naturens evne til produksjon og selvfornyelse»

Stortingsmelding 14 (2015-2016) «Natur for livet»:

Meldinga omtalar korleis regjeringa sin politikk skal bidra til å nå nasjonale og internasjonale mål om å ta vare på naturmangfaldet. Det er omtala kva utfordringar ein som samfunn står ovanfor, og korleis regjeringa skal bidra til at bruk av naturen er skjer på ein berekraftig måte og korleis ein skal hindre at naturtyper og arter forsvinn og blir utrydda.

Stortingsmelding 40(2020-2021) «Mål med mening – Norges handlingsplan for å nå bærekraftsmålene innen 2030:

Meldinga er regjeringa sin plan for korleis Noreg skal nå bærekraftsmåla. Meldinga går gjennom dei 17 bærekraftsmåla og dei 169 delmåla, og omtalar utfordringane for Noreg og regjeringa sin politikk på desse områda.

Nasjonale og regionale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023:

Regjeringa legg kvart fjerde år fram nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging for å fremme ei berekraftig utvikling i heile landet. Dei nasjonale forventningane skal fylgjast opp i fylkeskommunens og kommunenes arbeid med planstrategiar og planar, og leggest til grunn for statlige myndigheiter sin medverknad i planlegging.

Verneplan for vassdrag (I, II, III, IV):

Skal sikre heilskaplege nedbørsfelt med sin dynamikk og variasjon frå fjell til fjord. Gjeld fyrst og fremst vasskraftutbygging.

3.3 Regionale og lokale retningslinjer

Regional plan for vassforvaltning:

Vassforskrift for Innlandet og Viken vassregion som skal sikre god vassforvaltning.

Kommunale planer i Vang:

- Planstrategi(2020-2023)
- Samfunnsdel(2015-2027)
- Landbruksplan(2016-2020)

4. Generelle utfordringar for naturmangfaldet

Nasjonalt

I Noreg er endra arealbruk den største årsaka til tap av biodiversitet. Vedtak som blir fatta gjennom kommunens arealplanlegging etter plan- og bygningsloven er difor av stor betydning for korleis naturmangfaldet blir ivareteke. Bruksendring kan over tid gje store endringar i livsgrunnlaget til ulike plantar og dyr, noko som direkte påverkar det biologiske mangfaldet. Når leveområda til individ blir øydelagt eller redusert blir det mindre robuste bestandar. For å oppretthalde økosystemtenestane er ein avhengige av intakte, robuste og velfungerande økosystem. For 9 av 10 av dei truga artane som er på rødlista er det arealendringar som er hovedtrugselen.

Klimaendringane endrar livsmiljøet til artane raskare enn tilpassingsevna, og det er dei nordligaste artane som vil oppleve dei største endringane. Arter vil kunne unngå dei største endringane dersom det blir lagt til rette for migrering til høgareliggjande område eller nordligare breiddegrader. Ifylgje rødlista er forureining den nest største årsaka til at artar er utrydningstruga i Noreg. Uavhengig av kva type forureining eller mengde så har det negativ påverknad på liv.

Framande arter som blir introdusert eller finn vegen til Noreg kan potensielt ha store negative verknadar på artar som lev i Noreg i dag. Dei framande artane kan utkonkurrere lokale artar og ha stor spreingsevne til nye områder.

Overhausting av artar i Noreg er ein stor grunn til at artane på rødlista er truga eller nært truga. Det er ikkje berre eit problem for dei artane som direkte blir hausta. Ved å fjerne eller redusere ein art kan dette påverke andre arter som er ein del av økosystemet.

Vang kommune

Vang er eit populært område for fritidseigedommar, friluftsliv og turisme. Kommunen er samstundes ei landbrukskommune der ein nyttar utmarksressursane og framleis driv aktivt med støling.

Det er ynskjeleg å sjå dei nasjonale utfordringane opp mot Vang kommune. Korleis skil Vang seg frå resten av Noreg og kva er dei felles utfordringane. Kva endringar og utfordringar er det som trugar naturmangfaldet i Vang?

5. Naturmangfaldet i Vang kommune

Vang er ei kommune med grunnlag for store variasjonar i naturmangfald. Frå ei mellomboreal sone i den lågare delen av dalføre på om lag 300 meter over havet til den høgalpine sona på om lag 2200 meter over havet har ein stor høgdegradient. Vang er også i meir eller mindre grad påverka av nærleiken til vestlandet og havet i ein overgangssone mellom innlandsklima og kystpåverka klima, noko som gir ulik variasjon i blant anna fuktigheit og temperatur. Saman med ulik type berggrunn gir dette variert livsgrunnlag for både plantar og dyr.

For å beskrive denne variasjonen i kommunen på ein lettfatteleg og oversiktleg måte, vil ein kunne dele kommunen opp i ei generell tematisk oppdeling som skog, fjell, våtmark, kulturlandskap, osv. Vidare vil ein samanfatte eksisterande kunnskap og presentere dei ulike tema på ein samanfatta måte, tilgjengeleg for alle.

Ein vil innhente og samanstillje informasjon gjennom litteraturstudie på allereie publisert materiale. Gjennom høyringsrundar og arbeidsgrupper vil ein kunne sikre medverknad og innhente lokal kunnskap som ikkje er å finne i litteraturen.

6. Tentativ framdriftsplan

Side | 8

Kva	Når
Behandling planprogram (KS)	10. Februar
Høyrings periode planprogram	11. Februar-11. Mars
Fastsetting planprogram (KS)	24. Mars
Utarbeiding av kommunedelplan	25. Mars – 26. August
Behandling kommunedelplan (KS)	8. September
Høyring av kommunedelplan	9. September – 24. Oktober
Innarbeiding av merknader og innspel	25. Oktober – 1. Desember
Vedtak av kommunedelplan (KS)	15. Desember

7. Høyringspartar og medverknad

Ein viktig del i planprosessen vil vera å identifisere behovet for ytterligare kartlegging- og kunnskapsbehov og område som treng tilleggskartlegging. Det er difor viktig at ein får aktiv medverknad frå både enkeltpersoner og foreningar for å hente inn mest mogleg verdifull lokalkunnskap.

Aktuelle høyringspartar vil vera:

- Statsforvalteren i Innlandet
- Innlandet fylkeskommune
- Valdres Natur og Kulturpark
- Vang Bondelag
- Vang Bonde- og småbrukarlag
- Vang fjellstyre
- Naturvernforbundet i Valdres
- Vang miljøforum
- Grunneigarlag, beitelag, sameiger og tamreinlag
- Valdres friluftsråd
- Vang turlag
- Norsk ornitologisk foreining,
- Norsk botanisk foreining
- Sabima
- Jotunheimen nasjonalpark
- Utladalen landskapsvernområde